



2.1.8

Rettleiing for røystmottakar ved førehandsrøysting

Val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Kven kan vere røystmottakar?

Røystmottakar er ein eller fleire av medlemmene i valstyret, eller andre som valstyret peikar ut, jf. sr § 9-5. Ved førehandsrøysting på kyrkjelydskontoret blir oftast ein kontorsekretær e.l. peika ut som røystmottakar.

Valstyret har ansvar for at røystmottakaren er kjend med valreglane og rutinane for førehandsrøysting, jf. sr § 9-6.

Røystmottakaren sitt ansvar

- Syte for at det nødvendige materiellet finst i lokalet for førehandsrøysting, og at det er orden og ro i lokalet der førehandsrøystinga går føre seg
- Gjere veljarane kjende med reglane for røystinga (sr § 9-6)
- Ta imot førehandsrøyster frå veljarane (sr §§ 9-7 og 9-8)
- Føre liste over mottekne førehandsrøyster. Det skal først éi liste over førehandsrøyster i eige sokn, og ei anna liste over førehandsrøyster som skal sendast over til andre sokn (sr § 9-9).
- Syte for sikker oppbevaring av førehandsrøystene til dei kan overleverast til leiaren i valstyret
- Sende førehandsrøyster som skal sendast til andre sokn, eventuelt ekspedere dei til kyrkjelydskontoret for vidareending (sr § 9-9)
- Overlevere mottekne førehandsrøyster og listene over førehandsrøyster til leiaren i valstyret ved avslutninga av perioden for førehandsrøysting, eventuelt også undervegs (sr § 9-9)

Prosedyre ved førehandsrøysting

- 1 Røystmottakaren gjer veljaren kjend med reglane for røystinga, og informerer om at veljaren etter å ha førehandsrøysta *ikkje* kan røyste ved valtinget (sr § 9-6).
- 2 Røystmottakaren viser veljaren til rette i lokalet og skaffar nødvendige røystesetlar, konvoluttar og skrivesaker (sr § 9-6).
- 3 Røystmottakaren kan krevje at ein ukjend veljar legitimerer seg (sr § 9-6).
- 4 Røystmottakaren gir veljaren ein røystesetelkonvolutt for soknerådsvalet og ein røystesetelkonvolutt for val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet, i tillegg til ein omslagskonvolutt (sr §§ 9-7 og 9-8).
- 5 Veljaren legg røystesetelen(-setlane) i røystesetelkonvolutten(-ane) og røystesetelkonvolutten(-ane) i omslagskonvolutten (sr §§ 9-7 og 9-8).
- 6 Veljaren fører eige namn, adresse og fødselsdato på omslagskonvolutten.
- 7 Røystmottakaren skriv under og fører på tid og stad for røystinga på omslagskonvolutten (sr § 9-8).
- 8 Røystmottakaren limer att omslagskonvolutten og fører røystinga på liste i påsyn av veljaren (sr § 9-9).

Nytt denne gongen er at namnet, adressa og fødselsdatoen til veljaren skal førast på omslagskonvolutten. Det er ikkje lagt opp til at ein skal leggje ved valkort saman med førehandsrøysta.

Det er viktig at levering av førehandsrøyster blir gjennomført på rett måte, slik at ikkje førehandsrøyster må forkastast. Til dømes må omslagskonvoluttane vere attlimt, og underskrifta til røystmottakaren må vere påført omslagskonvolutten.

Røystmottakaren nyttar ikkje manntalslista eller kryssar av i denne lista, men fører berre eigne lister over veljarane. Det skal førast éi liste over førehandsrøyster i eige sokn, og ei anna liste over førehandsrøyster som skal sendast til andre sokn.

Det skal heller ikkje nyttast valurne ved førehandsrøysting. Det er først når røystesetelen blir godkjend (i samband med oppteljinga), at ein kryssar av i manntalet og legg røystesetelen ned i valurna, jf. sr § 11-3.

Valg Valgesen f. 29.02.1982
Unnegata 12
8666 VALGØY

25/08-2015, kl 14.28, Valgby kirkekontor
Stemmuft Øemmesen

Døme på påskrift på omslagskonvolutt

Hugseliste for utstyr ved førehandsrøysting

- Røystesetlar for soknerådsvalet
- Røystesetelkonvoluttar for soknerådsvalet (kvit farge, format C5)
- Røystesetlar for bispedømmerådsvalet (jf. bdr § 2-10-1)
- Røystesetelkonvoluttar for bispedømmerådsvalet (farga konvolutt, format C5) (jf. bdr § 2-10-2)
- Omslagskonvoluttar, i litt større format (kvit eller farga, format B5)
- Liste for registrering av førehandsrøyster i eige sokn
- Liste for registrering av førehandsrøyster som skal sendast til andre sokn
- Presentasjonsbrosjyre eller plakat som informerer om kandidatar til soknerådsvalet
- Presentasjonsbrosjyre eller plakat som informerer om kandidatar til bispedømmerådsvalet
- Plakat som viser korleis ein røystar ved soknerådsvalet (til oppslag)
- Plakat som viser korleis ein røystar ved bispedømmerådsvalet (til oppslag)
- Regelverk (reglar, rundskriv og valhandbok for kyrkjevalet i 2015, eventuelt rettleiing for røystmottakaren ved førehandsrøysting)
- Skrivesaker: pennar/blyantar (svarte, blå og raude for veljarane og for røystestyret), eventuell tusj for merking
- Eventuell røystebås, skjerm Brett e.l.

Ein må så langt råd er syte for at veljarar med nedsett funksjonsevne utan vanskar kan kome seg inn i lokalet for førehandsrøysting.